

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE PÅ TEAMS

Møtedato: 26. mars 2021

Tidspunkt: kl. 0900 – 1210

Som medlemmer møtte: George Fulford, Camilla Storøy (f.o.m. sak S09/21), Margareth Leinebø, Anne Holstad, Arnljot Muren, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum (f.o.m. sak S09/21)

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal (unntatt sak S11/21)

Andre: Revisor Einar G. Løkken (t.o.m. sak S10/21)

Saker som vart handsama: Sak nr. S07/21 – S19/21

Vedtaksaker:

SAK NR S07/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S08/21 GODKJENNING AV PROTOKOLLEN FRÅ 9. FEBRUAR 2021

Tilråding til vedtak:

Protokollen frå styremøtet 9. februar 2021 vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Protokollen frå styremøtet 9. februar 2021 vart godkjend.

SAK NR S09/21
ÅRSREKNESKAPET FOR 2020

Året 2020 vart eit spesielt år for alle, men økonomisk og resultatmessig vart året betre enn budsjettet. Både administrasjonen og styret har vore spesielt opptatt av at fordelingsnøklar er korrekt brukt og ført i rekneskapet.

Årsrekneskapet for 2020 er vedlagt – og foreløpig unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd. Revisor si melding blir lagt ved rekneskapet når den er ferdig.

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner rekneskapet for 2020, og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner rekneskapet for 2020, og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

SAK NR S10/21
GODKJENNING AV EIGARMELDING FOR 2020

Eigarmeldinga skal, i følge styrande dokument – skrivast og overleverast til eigarane. Sjå vedlagde eigarmelding for 2020 – som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner eigarmeldinga for 2020, med dei endringane som kom fram i møtet, og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret godkjenner eigarmeldinga for 2020, med dei endringane som kom fram i møtet, og tilrår representantskapet å gjere eit likelydande vedtak.

SAK NR S11/21
STYREEVALUERING

Valg av styre er ei av sakene som skal opp i representantskapet i mai 2021. Representantskapet gjorde følgande valg i 2020:

- George Fulford (vald for 1 år, på val i 2021, vald som styreleiar til 2021)
- Camilla Storøy (vald for 2 år, på val i 2022, vald som nestleiar til 2022)

- Margareth Leinebø (vald for 2 år, på val i 2022)
- Anne Holstad (ikkje på val, på val i 2021)
- Arnljot Muren (vald for 2 år, på val i 2022)
- Kjartan Grimstad (vald for 2 år, på val i 2022)
- Bjarte Uglum (tilsette sin representant i styret)

Elles brukar styret å diskutere samarbeid internt i styret og med administrasjonen, samarbeid med eigarar, sakspapir, møteavvikling, kommunikasjon, etc.

Vedlagt ligg eit eige evalueringsskjema som grunnlag for diskusjonen i styret. Dette er naturleg nok unntatt offentlegheit – jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Vedtaket i fjor var følgande:

«Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.»

Dette er ei intern diskusjonssak i styret, og ut i frå saka sin art legg ikkje administrasjonen fram anna tilråding til vedtak enn vedtaket i fjor.

Tilråding til vedtak:

Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styreleiar lagar eit samandrag av evalueringa. Samandraget blir sendt ut til styret og deretter til leiar i representantskapet og leiar i valgkomitéen.

**SAK NR S12/21
STATUS DEPONIE I FLØSTRANDA OG DEPONIA I DEI ANDRE
EIGARKOMMUNENE**

Den austre delen av deponiet (mot fjellet) er ordna, slik som representantskapet vedtok i november. M.a.o. er sprekkene tetta igjen og der er ikkje lenger fare for folk og dyr. Den vestre delen (mot sjøen) skal greiast ut vidare, både juridisk, økonomisk og reint praktisk. I tillegg er det denne vinteren henta inn informasjon om (les: kartlegging av) nedlagde deponi elles i alle eigarkommunene. Saka skal leggast fram for representantskapet i mai d.å. Sjå vedlagde utgreiing – som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret ønskjer at ansvarsfordelinga skal gjenspeile faktisk bruk på fyllplassen / deponiet i Fløstranda, og føreslår følgjande måte å løyse utfordringa på:

- a) Ulstein kommune dekker sin andel av kostnadene med deponiet med 20 % av totalkostnadene. SSR fakturer Ulstein kommune for deira andel av totalkostnadene.

- b) SSR dekker sin andel av kostnadene med deponiet med 80 % av totalkostnadene. Kostnader knytta til hushaldningsavfallet (anslagsvis 40 % av totalkostnaden) blir dekt av sjølvkostfondet for hushaldningsrenovasjon i SSR. Kostnadene blir ført i resultatregnskapet og deretter belasta sjølvkostfondet i årsoppgjeret. 40 % blir fordelt på næring og 20 % på slam.
- c) Organisering av arbeidet i Fløstranda blir avklart på møtet.
- d) I dei andre eigarkommunene er det, ut i frå tilbakemeldingar, pr. d.d. ingen deponi som krev tiltak.

Styrehandsaming:

Lang diskusjon i styret, m.a. om forskjellen mellom deponiet i Fløstranda og dei andre deponia i eigarkommunene.

Vedtak, samr.:

Styret ønskjer at ansvarsfordelinga skal gjenspeile faktisk bruk på fyllplassen / deponiet i Fløstranda, og føreslår for representantskapet følgjande måte å løyse utfordringa på:

- a) Ulstein kommune dekker sin andel av kostnadene med deponiet med 20 % av totalkostnadene. SSR fakturerer i etterkant Ulstein kommune for deira andel av totalkostnadene – dersom det er SSR som organiserer arbeidet.
- b) SSR dekker sin andel av kostnadene med deponiet med 80 % av totalkostnadene. Kostnader knytta til hushaldningsavfallet (anslagsvis 40 % av SSR sin andel) blir dekt av sjølvkostfondet for hushaldningsrenovasjon i SSR. Kostnadene blir ført i resultatregnskapet og deretter belasta sjølvkostfondet i årsoppgjeret. Dei resterande 60 % av SSR sin andel blir fordelt med 40 % på næring og 20 % på slam.
- c) Organisering av arbeidet i Fløstranda blir avklart på møtet.
- d) I dei andre eigarkommunene er det, ut i frå tilbakemeldingar, pr. d.d. ingen deponi som krev tiltak no.

Protokolltilførsel, Arnliot Muren:

Det er usikkerheit rundt fordelingsnøkkelen under punkt b) i tilrådinga / vedtaket.

SAK NR S13/21 STATUS FOR ETTERKONTROLLEN ETTER SELSKAPSKONTROLLEN

Møtet i Ulstein kontrollutvalg skulle vere onsdag 10. februar kl. 13.00 i kommunestyresalen på rådhuset i Ulstein, men dette vart utsett til mars eller april på grunn av den pågåande pandemisituasjonen. Nytt møte er sett opp torsdag 8. april

2021. Status for koronapandemien vil avgjere om møtet kan haldast. På dette møtet vil leiarane i dei andre kontrollutvalga i dei tre andre eigarkommunene også vere med.

I følge eit offisielt kommunestyrevedtak i Ulstein før jul, skal SSR sitt representantskap levere ei fråsegn om saka innan 1. mars 2021. På grunn av koronasituasjonen er denne fristen utsett ei stund. Det betyr at ein slepp å kalle inn representantskapet på kort varsel, og at saka blir tatt opp i det ordinære representantskapsmøtet i mai d.å. I korte trekk handlar saka om ulike synspunkt mellom SSR og Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS vedrørende mindre vesentlege summar for rekneskapsåra 2010 – 2018.

Sjå elles utkast til brev til kontrollutvalget i Ulstein – signert styreleiar og dagleg leiar – og som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande, og gir styreleiar og dagleg leiar fullmakt til å føre saka vidare.

**SAK NR S14/21
GROVAVFALL INKLUDERT I GEBYRET**

Saman med behandling av greinavafallet, er dette den lengst verserande saka i SSR-systemet. Det nye denne gangen er at fleirtalet av dei som har svart på den årlege kundeundersøkinga er positive til å inkludere grovavfall i gebyret – sjølv om dei vil måtte betale ekstra for det. Elles gjer strukturelle endringar i nedstraums-marknaden det tvingande nødvendig å tenke nytt, jfr. utgreiinga og innkjøp / leasing av ei kvern og ei enkel presse.

Sjå elles vedlagde utgreiing – som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar at selskapet ikkje går vidare i denne omgang med saka om grovavfall, etc. inkludert i gebyret, men – for å sikre rimelegare nedstraumsløysingar i framtida – går styret inn for å lease ei kvern til rundt NOK 4 mill. og ei presse til rundt NOK 2 mill. Leasingen blir gjennomført i løpet av året og vil truleg kreve ei stilling ekstra f.o.m. 1. januar 2022. I tillegg må det tilretteleggast for innandørs kverning. Selskapet startar førebuingane til å utøve eineretten på hushaldningsavfall gjennom å tilby containerar til

hushaldningar – som er i tråd med vedtak i representantskapet. Dette skal gjelde frå og med 1. mai 2023

Subsidiær tilråding:

Styret vedtar at selskapet arbeider vidare med ei løysing der ei viss mengde grovavfall, jfr. utgreiinga, er inkludert i renovasjonsgebyret. Før dette blir innført må ein ha teknologiske løysingar på plass som gjer at ein kan handtere dei ulike vektgrensene og avfallsfraksjonane på ein korrekt måte. Eit naturleg oppstartspunkt for at alt skal vere på plass og i drift er rundt 1. mai 2023. Frå 1. mai 2023 vil også selskapet utøve eineretten på utleige av containerar til hushaldningar. Styret anbefaler representantskapet å gjere eit likelydande vedtak i mai 2021.

I tillegg vedtar styret at selskapet leasar ei kvern til rundt NOK 4 mill. over 10 år og gjer det same med ei enkel presse til rundt NOK 2 mill. Dette vil på sikt gjere selskapet meir fleksibel og mindre avhengig av ulike nedstraumsaktørar i marknaden – i tillegg til å spare ein del transportkostnader.

Sakshandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar saka til vitande og vil legge den fram som ei statussak / orienteringssak for representantskapet i mai 2021.

Før sommarferien vil styret ha opp ei eiga sak om innkjøp / leasing av kvern og presse, pluss meir om utøving av eineretten på hushaldningsavfall.

SAK NR S15/21 OMFANGET AV NÆRING I SELSKAPET

Omfanget av næring kjem i avdelinga for «a never ending story». Kort sagt: Kor mykje næring skal selskapet drive med og kvifor?

Sjå elles vedlagde utgreiing – som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar at selskapet legg saka fram for representantskapet i mai som ei rein orienteringssak – med ei liste over pluss og minus med å drive med næring.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret vedtar at selskapet legg saka fram for representantskapet i mai som ei rein orienteringssak – med ei liste over pluss og minus med å drive med næring.

**SAK NR S16/21
OPPRETTING AV EIGA KLAGENEMND I SELSKAPET**

Den nye kommunelova gjer at det ikkje lenger er lov å bruke kommunale klageordningar – noko som ville kunne gitt ulik praktisering av reglane. Styret kan heller ikkje vere klagenemnd eller behandle klager på enkeltvedtak, og representantskapet skal styre med større formelle saker og utøve eigarne sin politikk i dette organet. Dermed står ein igjen med eit alternativ – ei særskilt klagenemnd i selskapet.

Sjå elles vedlagde utgreiing – som inntil vidare er unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar at selskapet opprettar ei eiga klagenemnd frå og med 15. august 2021. Klagenemnda skal handsame klager på enkeltvedtak. Godtgjersla blir lik møtegodtgjersla i representantskapet. Nemnda konstituerer seg sjølve med leiar. Fire kandidatar, ein frå kvar eigarkommune, blir valgt til medlemmer i nemnda. Dersom nokon av dei valgte medlemmene får stillingar eller verv som utfordrar habilitetsspørsmålet, gjer representantskapet erstatningsvalg på neste ordinære møte i representantskapet. Styret tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret vedtar at selskapet opprettar ei eiga klagenemnd frå og med 15. august 2021. Klagenemnda skal handsame klager på enkeltvedtak. Godtgjersla blir lik møtegodtgjersla i representantskapet. Nemnda konstituerer seg sjølve med leiar. Fire kandidatar, ein frå kvar eigarkommune, blir valgt til medlemmer i nemnda. Dersom nokon av dei valgte medlemmene får stillingar eller verv som utfordrar habilitetsspørsmålet, gjer representantskapet erstatningsvalg på neste ordinære møte i representantskapet. Styret tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak og at valgkomitéen finn aktuelle kandidatar.

Orienterings- / drøftings- / vedtakssaker:

SAK NR S17/21
HABILITETEN FOR TILLITSVALGTE I SELSKAPET

Styreleiar vil orientere om saka, der det har kome nokre spørsmål siste tida.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

SAK NR S18/21
STATUS I TILSETTINGSPROSESSEN VEDR. NY DAGLEG LEIAR

Styreleiar vil orientere om status i prosessen.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

SAK NR S19/21
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgande saker:

- Status SSR og koronapandemien.
- Status for møte i konfliktrådet.
- Greinplassutfordringar.
- Eventuelt.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:


Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, 26. mars 2021



George Fulford
styreleiar



Camilla Storøy
nestleiar



Margareth Leinebø




Anne Holstad



Arnljot Muren



Kjartan Grimstad



Bjarte Uglum



Einar Heimdal
dagleg leiar